



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 03.10.2019 kl. 17:30-18.30

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Else Stølen	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Terje Mork	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem
Bjørn Arne Mjåseth	Varamedlem

---

### Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Arne Fedøy	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2019/41		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2019/42		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 22.08.2019	RUNE ZIENER
SR 2019/43		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2019/44		Godkjenning av valbok	RUNE ZIENER
FR 2019/45		Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023	RUNE ZIENER

Askvoll, 03.10.2019

Rune Ziener  
Referent

---

## SR 2019/41 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden.

---

## SR 2019/42 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 22.08.2019

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 22.08.2019.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 22.08.2019

---

## SR 2019/43 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar vart lagt fram:

M 2019/27 Bjørgvin biskop: *Geistleg representasjon ved dei kyrkjelege råda i Sunnfjord prosti i perioden 2019-2023* (11.09.2019)

M 2019/27 Sogn og Fjordane fylkeskommune: *Svar - Vilnes kyrkje - justerte teikningar av reiskapshus orientert aust-vest* (02.10.2019)

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv og meldingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv og meldingar til orientering.

## **SR 2019/44 Godkjenning av valbok**

### **UTGREIING**

Etter valregler § 14–7 (2) skal valstyret føre protokoll i forbindelse med førebuingar og gjennomføring av val.

Valprotokollen skal takast inn som vedlegg til soknerådet si møtebok og skal underskrivast av alle medlemmer av valstyret som er til stades.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd (valstyret) godkjenner valboka for kyrkjevalet 2019.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd (valstyret) godkjenner valboka for kyrkjevalet 2019.

## FR 2019/45 Budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023

### UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriften § 3, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til 7. oktober for innmelding av behov til Askvoll kommune.

I budsjetttrundskriv frå kommunen er det førebels lagt inn ei driftsløyving for 2020 på kr 3,827 millionar (som er ei vidareføring frå 2019-tilskotet, men med innlagt lønnsvekst kr 96.000, altså total rammeløyving kr 3.731 millionar).

Kommunestyret sitt gjeldande budsjett-/økonomiplanvedtak (frå 2018) har slike investeringstilskot i kommande planperiode (tal i 1000):

Investeringar	(2019)	2020	2021	2022	2023
Totalløyving	(1842)	300	1500	3000	-

### DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2020-2023

Økonomiplanforslaget for 2020-2023 er ei vidareføring av førre plan.

Det er føreslege lagt inn kr 1,5 millionar til rehabiliteringa av Holmedal kyrkje i 2023, i samsvar med tekstleg føring i førre kommunale økonomiplanvedtak.

Totalbehov (tal i 1000 kr)	2020	2021	2022	2023
	<u>300</u>	<u>1500</u>	<u>3000</u>	<u>1500</u>
<b>Fordelt på:</b>				
Automatisk ringeanlegg Askvoll kyrkje	200			
Forprosjekt kyrkjetak Askvoll kyrkje	100			
Rehabilitering Holmedal kyrkje		1500	1500	1500
Kyrkjetak Askvoll kyrkje			1500	

#### 2020:

#### Askvoll kyrkje – installere automatisk ringeanlegg

I kyrkjene i soknet er det berre Kvammen kapell som har automatisk ringing. Det bør vere automatisk ringing i kyrkja i kommunesenteret, der det er flest arrangement. Eit anlegg (inkludert automatisk lukeopning) kostar omkring 190.000,-. Elektrikararbeid kjem i tillegg.

Finansieringsbehov:

Kr 200.000,- (100% kommunal finansiering).

### **2021-2023:**

#### **Holmedal kyrkje, rehabilitering**

KA har i 2018 sett i gong eit prosjekt for å utvikle eit tilstandsanalyseverktøy, og Holmedal kyrkje var ei av tolv kyrkjer i landet som fekk tilbod om å få utarbeidd ein tilstandsrapport som del av dette arbeidet. Tilstandsrapporten viser at kyrkjebygget er i langt dårlegare stand enn ein tidlegare har kjent til, både som følgje av vedlikehaldsetterslep og setningssskadar.

Det er tilrådd at ein innan 5 år gjer ei rekkje utbetringar på bygget, der dei største enkeltpostane er:

- omlegging av takskifer og bygging av nytt undertak
- utskifting av trepanel
- rehabilitering av samtlege vindu, dører, luke, skodder
- utbetre fuktsskader i trevirke i klokketårn og bærebjelker med råte
- montere takrenner og nedløp

Entreprisekostnaden er kalkulert til kr 5,71 millionar, men rapporten seier at ein bør ha eit påslag på kr 1,56 millionar på denne summen til uforutsett, prosjektadm., rigg og drift, forsikringar, m.m.

#### *Finansieringsbehov:*

Kr 7,242 millionar (100% kommunal finansiering)

#### *Konsekvens ved manglande løyving:*

Utsett restaurering fører til forverring av bygningstilstand og fordyra prosjekt. Fare for nedfall frå tak. Ikkje tilfredsstillande persontryggleik.

### **2020/2022:**

#### **Askvoll kyrkje - restaurasjon kyrkjetak**

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innfor ein tiårsperiode føretek restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna. I kommunal økonomiplan er det lagt inn at ein nyttar kr 100.000,- i 2020 til eit forprosjekt og sjølv anleggsarbeidet i 2022.

#### *Finansieringsbehov:*

Kr 1,6 mill (100% kommunal finansiering)

#### *Konsekvens ved manglande løyving:*

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

## **DEL 2: Drift**

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

### Rentekompensasjon

I og med at om lag 26% av prosjektkostnaden til restaurering av orgelet var dekket av soknet sjølv med gåvemidlar/fondsmidlar, legg ein til grunn at tilsvarende andel av utbetalt rentekompensasjon til kommunen vert vidarebetalt til soknet (jf. Forskrift om kompensasjon for utgifter til renter til investeringar for istandsetting av kirker og kirkeinventar fra Husbanken § 6). Ein legg til grunn at dette rentekompensasjonstilskotet skal finansiere det årlege vedlikehaldet av orgelet, omkring kr 7000,- pr år, eksakt årleg kompensert beløp, kjenner ein ikkje pr. no.

Prosjektperioden for ekstra ressurs i gravplassadministrasjonen er over etter juni månad 2020. Dei om lag 45.000,- i innsparing her samanlikna med 2019 er føreslege nytta til vedlikehaldstiltak.

Det er vidare ikkje teke omsyn til eventuelle endra behov når det gjeld driftstilskot seinare i planperioden.

### Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2020 i balanse.

## **1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING**

### **1.1.0 Utgifter**

#### **1.1.1 Lønn og sosiale utgifter**

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, med unntak av at prosjektperioden for 20% stilling i gravplassadministrasjonen går ut etter første halvår.

Samla budsjettet utgift lønn og sosiale utgifter for 2019 er kr 2.731.000,-. Her er lagt inn 3,5% lønnsvekst, og 6 mnd. 20% stillingsressurs er teke ut. Nettoauken frå opphavleg budsjett frå 2019 er kr 51.000,-.

Samla for lønn og sosiale utgifter: 2.782.000,-

#### **1.1.2 Kjøp av varer og tenester**

Relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjør i forslaget kr 979.000,-, som er opp kr 15.000,- samanlikna med førre planvedtak. Inkludert i auken er kr 10.000,- til orgelservice. Rammen her skal og dekke vedlikehaldsavtale for plenvedlikehald på gravplassane (om lag kr 85.000,-).

Det er føreslege brukt kr 125.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2020, som er opp kr 27.700,- frå opphavleg VU-plan i førre økonomiplanvedtak.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.104.000,- (opp kr 42.700,- frå opphavleg økonomiplan 2019).

### VU-plan 2020

Førebels VU-plan 2020	Utgift
Platting og trapp Askvoll kyrkje	20 000
Fjerning av gravminne for destruksjon	20 000
Nye lysekronearmar Askvoll kyrkje	15 000
Innvendig belysning Vilnes kyrkje. Bytte til LED-lamper	15 000
Gudstenestebøker	5 000
Uføresett	50 000
<u>Sum</u>	<u>125 000</u>

#### 1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 14.000,- til eigenkapitalinnskot.
  - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 45.000,-.
  - Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 119.000,-

#### 1.2.0 Inntekter

##### 1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng. Det er registrert ca. 70 festeutløp i 2019, med tilbod om fornyng frå 2020, og ein legg til grunn 80% fornyngsgrad. Arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2020 er i forslaget sett til ca. 70 stk. Samla stipulat for festeavgift i 2020 vert sett til kr 52.000,-

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 8.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 63.000,-.

##### 1.2.2 Refusjonar og overføringar

Intern overføring av trusopplæringsmidlar for 10% ressursbruk av sekretærstillinga. Kr 60.000,-.

**1.2.3 Rammetilskot eigen kommune**

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjettsskriv (2020-2022), kr 3.827.000,-

**1.2.4 Andre tilskot og gåver**

Stipulert kr 45.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.  
Tilskot rentekompensasjon for orgel er sett til kr 10.000,-  
Samla tilskot og gåver: kr 55.000,-

<b>Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)</b>	
<i>Utgifter:</i>	
Lønn og sosiale utgifter	2 782 000
Vare og tenestekjøp	979 000
VU-plan	125 000
Refusjonar og overføringar	119 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 005 000</u>
<i>Inntekter:</i>	
Brukarbetaling, sal og avgifter	-63 000
Refusjonar og overføringar	-60 000
Rammetilskot eigen kommune	-3 827 000
Andre tilskot og gåver	-55 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 005 000</u>
<b>Differanse</b>	<b>0</b>

**2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd**

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for den enkelte teneste vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2020.

**INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjett 2020 og økonomiplan 2021-2023 som den går fram i forslaget frå kyrkjeverja, og ber såleis om eit driftstilskot på kr 3.827.000,- og eit investeringstilskot på kr 300.000,- frå Askvoll kommune for 2020.

2. Ein ber om kontaktmøte med politisk og administrativ leiing i kommunen i samband med budsjettprosessen.

## **MØTEHANDSAMING**

Forslag sett fram i møtet av Bjørn Arne Mjåseth om nytt punkt:

Det er behov for å auke ramma til drift med kr 200.000,- for å få gjennomført nødvendig vedlikehald på gravplassane.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

Forslaget frå kyrkjevevja, men med tilleggsvorslaget frå Bjørn Arne Mjåseth for å få gjennomført nødvendig vedlikehald på gravplassane. Ein ber såleis om kr 4.027.000,- i driftstilskot for 2020.